

VI IVERKSETTING AV REGIONALT UTVIKLINGSPROGRAM 2006



Operativt ansvar og samarbeidspartar

Regionalt utviklingsprogram 2006 legg føringar for den regionale næringspolitikken i Hordaland, og skisserer korleis den skal setjast ut i livet. Programmet gjev retning for bruken av offentlege, næringsretta verkemidlar for alle etatar som forvaltar slike, ikkje berre for Hordaland fylkeskommune. Dette er den viktigaste grunnen til at Regionalt utviklingsprogram ikkje vert utarbeidd av den fylkeskommunale administrasjonen åleine, men i tett samarbeid med Regionalt Næringsforum. Dette sikrar at programmet rettar seg mot dei viktigaste, næringsrelaterte utfordringane i fylket. Gjennom slikt samarbeidet vert det også enklare å samordna verkemiddelbruken mellom ulike forvaltningsorgan.

Plan for gjennomføring av Regionalt utviklingsprogram

Kanskje like viktig som sjølve planen er arbeidet med å gjera innhaldet og intensjonane i han kjende. Derfor vert det eit mål i seg sjølv å iverksetja tiltak som sikrar at planen når ut til aktuelle brukargrupper - både til dei som forvaltar offentlege verkemidlar, men og til dei som vil søkja økonomisk støtte til nyskapande prosjektarbeid med næringsutvikling som føremål.

Regionråd og kommunar spelar ei sentral rolle innafør utviklingsarbeidet i distrikta. Med dette som bakteppe vil fylkeskommunen ta initiativ til eit tettare samarbeid med begge desse partane og drøfta aktuelle nærings spørsmål. Intensjonen er å leggja til rette for kompetanseheving og erfaringsutveksling mellom partane, og med tanke på å få fram gode, lokale prosjektidear og støtta opp om desse.

I månadsskiftet mars / april vil fylkeskommunen ta initiativ til ei større samling i Bergen, der aktuelle samarbeidspartnarar vil vera med. Dette blir starten på ein prosess for å styrkje samarbeid og kompetanse for næringsutvikling i Hordaland.

Informasjon som kan vera til nytte både for verkemiddelaktørane og dei som søker økonomisk støtte, vil bli lagt ut m.a. på heimesidene til Hordaland fylkeskommune, www.hordaland.no - næring.

Oversikt over etatar og organ som forvaltar verkemidlar til næringsføremål i Hordaland, er lista sist i programmet. Her finn du også nødvendige adresser og telefonnummer om du ønskjer nærare kontakt eller informasjon om møteaktivitetar.